


<p>AUGUST:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tilvenning - Sosial kompetanse <p>17. Nytt barnehageår</p>	<p>SEPTEMBER:</p> <p>Kropp, rørsle, mat og helse:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Haust - Bravo - Brannvern <p>14. Foreldremøte</p>	<p>OKTOBER:</p> <p>Kommunikasjon, språk og tekst:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Haust - Forut - FN - Bravo <p>Foreldresamtalar</p> <p>5. Planleggingsdag</p>	<p>NOVEMBER:</p> <p>Natur, miljø og teknologi:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Farsdag - Bravo - Turar i skogen - Eksperimentering med vatn og anna. <p>13. Planleggingsdag</p>
<p>JULI:</p> <p>Sommar aktivitetar</p>	 <p>Årsplan 2020/2021</p> <p>Eivindvik Barnehage</p> <p>Tema: Natur og gjenbruk</p>		<p>DESEMBER:</p> <p>Etikk, religion og filosofi:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Adventstid -Jul - Synge julesongar - Julebakst - Julespelet Nissefest?
<p>JUNI:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sommar - Sjøliv - Båtvett <p>V.23 Sommarfest</p>			<p>JANUAR:</p> <p>Kommunikasjon, språk og tekst:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vinter - Reise - Samane - Bravo <p>4. Planleggingsdag</p>
<p>MAI:</p> <p>Mengd, rom og form</p> <ul style="list-style-type: none"> - 17 mai - Vår - Trafikk - Sykkeldag 	<p>APRIL:</p> <p>Nærmiljø og samfunn</p> <ul style="list-style-type: none"> - Nærmiljø - Påske - Vår <p>V. 15: Foreldremøte</p> <p>Foreldresamtalar</p>	<p>MARS:</p> <p>Nærmiljø og samfunn</p> <ul style="list-style-type: none"> - Barnehagedagen - Nærmiljø - Yrker <p>12. Planleggingsdag</p>	<p>FEBRUAR:</p> <p>Nærmiljø og samfunn:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samefolket - Familien - Morsdag - Kongens bursdag - Karneval

VELKOMMEN TIL EIVINDVIK BARNEHAGE.

I årsplanen finn de generelle opplysningar om barnehagen.

Det ligg og ein god del praktisk informasjon på heimesida til barnehagen som me ynskjer at dykk les igjennom:

<http://eivindvik.skule.no>

- Søknad om barnehageplass, endring av plass m.m – nettportalen
- Gode råd for tilvenning i barnehagen
- Praktisk informasjon til foreldre
- Barnehageruta 2020/2021

Månadsplanane/breva til dei forskjellige avdelingane blir lagt på heimesida for barnehagen, under månads-og temaplanar.

Under der kjem handlingsplanen for barnehagen og årsplan.

Denne årsplanen tek utgangspunkt i Rammeplanen for barnehagar. Me prøver å lage planane så lite detaljert at det er plass til barna sine ynskjer og tankar, jf. Krav om barns medverknad, frå rammeplanen.

Eivindvik barnehage sin visjon er:

TRIVSEL- HELSE – LÆRING

Det betyr at dei vaksne må sjå heile barnet, både fagleg og sosialt. Barna skal oppleve ei tydeleg vaksenrolle og alle i barnehagen skal fokusere på respekt for kvarandre. Grunnleggande behov som trivsel og helse må tilfredsstillast for at barna skal kunne utvikle seg og tileigne seg kunnskap.

Mål for barnehageverksemda:

Vi ynskjer å dekke barnet sitt behov for omsorg og gi gode utviklingsaktivitetsmogelegheiter, slik at barna kan tileigne seg både fagleg og sosial kompetanse i løpet av barnehagetida si.

Eivindvik barnehage arbeider i samsvar med barnehagelova.

Eivindvik barnehage skal vere ein god stad å vere for barn, foreldre og tilsette.

I det legg vi at:

- Alle blir møtt med openheit, varme og omsorg
- Alle blir sett, og møtt med anerkjening og respekt for den dei er
- Alle får gjere noko av det dei interesserer seg for og er gode på
- Alle får mogelegheit til å øve på det som ikkje er så lett for dei
- Alle opplever eit miljø prega av humor, glede og «litt galskap»

Personale/kompetanse:

Personalgruppa vår er for tida samansett av fire barnehagelærarar, ein spesialpedagog, fire barne og ungdomsarbeidarar og ein assistent.

Einar Thune er leiar for både barnehagen og skulen, men han tek seg mest av skulen.

Ann-Norunn Leknes er nestleiar, men tek seg mest av barnehagen.

Vi har og eit tett samarbeid med helsestasjonen, PPT og barnevern.

Eivindvik barnehage arbeidar i tråd med RAMMEPLANEN FOR BARNEHAGEN:

Barnehagen har ein rammeplan som vi er forplikta å jobbe etter. Gulen kommune har laga ein forenkla utgåve av den, og kvar barnehage har laga sin variant, for å få med lokale tradisjonar. Denne må oppdaterast, og når arbeidet er ferdig i løpet av hausten, blir den lagt på heimesida vår. Den planen vil vise korleis vi jobbar med progresjonen i forhold til barnas alder.

Fagområda legg føringar for det faglege innhaldet i barnehagen. Vi skal gje ungane opplevingar, erfaringar og læring innanfor mange områder. Dette er «fag» som ein vil ha gjennom heile året. I nokre periodar vil enkelte «fag» vera meir i fokus enn andre. Metodane vil vera tilpassa barna sin alder og modning – slik blir det progresjon i innhaldet i den tida barnet dykkar er i barnehagen.

Rammeplanen er delt inn i sju fagområder som dekkar eit vidt læringsfelt. Fleire av fagområda vil vere representert samtidig i eit tema/prosjekt, i samband med kvardagsaktivitetane eller i andre tilrettelagde aktivitetar.

SLIK ARBEIDER VI MED DEI SJU FAGOMRÅDA

Kommunikasjon, språk og tekst:

Vi ynskjer å styrke språket til barna. Vi les for barna, leikar med språket, brukar rim, regler og song, og set ord på det som barn og vaksne opplever i kvardagen.

Kropp, rørsle, mat og helse:

Vi vil at barna skal tileigne seg grunnleggande erfaringar ved at vi legg til rette for allsidig aktivitet både ute og inne.

I leik prøver dei ut og skaffar seg erfaring med ulike rørsler og utfordringar. Det er nære band mellom leik, kroppskontroll og god helse.

Gjennom måltida vil vi formidle eit sunt og fornuftig forhold til mat. Vi lærer sjølvsagt barna å vaske hendene før måltid og etter toalettbesøk.

Kunst, kultur og kreativitet:

Gjennom dei estetiske faga ynskjer vi at barna skal bli kjende med og prøve ut ulike uttrykksmåtar og ulikt formingsmatriell. Vi vil be arbeide og skape språk, bilde, song, musikk, dans og drama.

Natur, miljø og teknikk:

Vi ynskjer å gi barna grunnleggande erfaring og kunnskap om naturen. Vi følgjer årstidene og ser på planter, dyr, været og endringar i naturen. Vi har turdagar der vi utforskar nærmiljøet. Her vil vi og legge vekt på korleis vi best kan ta vare på miljøet rundt oss. Vi vil gjere oss kjend med diverse teknisk utstyr som vi har rundt oss. I barnehagen har vi kjeldesortering og målet er at barna skal bli kjende med dette.

Etikk, religion og filosofi:

Vi skal møte tru, spørsmål og undring med alvor og respekt og reflektere saman med barna. Barnehagen markerer jul og påske i barnehagen med fokus på tradisjonane kring desse høgtidene. Barna skal få kjennskap til religionar som er representert i barnehagen.

Nærmiljø og samfunn:

Barnehagen skal gi eit grunnleggande bilde av det samfunnet vi lever i med det det inneber av rettar og plikter. Vi filosoferer over likskap/ulikskap og menneskeverd. Vi vil gjere oss kjende i lokalsamfunnet og fokusere på at alle har sin funksjon i eit samfunn.

Tal, rom og form:

Barn er opptekne av tal, systematisering og former. Vi systematiserer spel og utstyr som stimulera barna til å eksperimentere med tal, former og matematiske begrep. Vi legg også vekt på at barna får telje og bli kjende med tal og begrep i samlingar, ved borddekking, ute på tur osv.

Det ligg ein lokal rammeplan på heimesida vår, der det konkret står korleis vi jobbar i dei ulike fagområda og progresjonen i løpet av barnehagetida.



SATSINGSOMRÅDE, INKLUDERANDE BARNEHAGE OG SKULEMILJØ

I år har vi sett barns trivsel som satsingsområde. God omsorg, er ein føresetnad for at barn skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barn og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som og verdset omsorgshandlingane til barna.

Slik arbeider vi med tema:

- Bidra til å dekkje barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behovet for ro og kvile
- Leggje til rette for at barn kan knytte seg til personalet og til kvarandre
- Sørgje for at alle barn trivast, føler seg trygge og føler tilhørslse i barnehagen
- Møte alle barn på ein open, varm og interessert måte og vise omsorg for kvart enkelt barn
- Vere lydhøyre for kva barna uttrykkjer, og prøve å oppfylle behovet deira for omsorg på ein god måte
- Støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og til sjølve å kunne ta imot omsorg
- Bidra til at barna kan utvikle tillit til seg sjølve og andre

I tillegg kursar vi heile personalgruppa med aktuelle tema. Vi har samarbeid med K2-kompetansesenter. Tema vi er innom, forebygge mobbing, sosial kompetanse, barnesamtalar, foreldresamtalar osv. Det er svært viktig at vi har eit tett og godt samarbeid med alle foreldre.

DANNING GJENNOM OMSORG, LEIK OG LÆRING

Barnehagen vil jobbe aktivt mot det målet at barna skal utvikle evne til å reflektere over egne handlingar og veremåtar i samhandling med andre. Barna skal bli møtt med omsorg og nærleik. All aktivitet i barnehagen er basert på leik. Gjennom leiken tileignar barna seg kunnskap, ferdigheiter, verdiar og haldningar. Leik er viktig sosial, språkleg, intellektuell, motorisk og emosjonell utvikling.

For at leiken skal få gode vilkår i barnehagen vil vi gi barna tid og rom til leik, gi nye impulsar til leik gjennom styrte aktivitetar og tema, observere og støtte barna i leiken der det trengst.

Barn lærer best gjennom egne erfaringar. Vi vil legge til rette for læring i barnehagen ved at barna får prøve seg fram og gjere egne erfaringar. Gjennom å diskutere læringsprosessar på personalmøter, har vi eit mål om at personalet heile tida skal sjå moglegheiter for læring i alle situasjonar i barnehagen.

MEDVERKNAD

Barnehagen vil legge til rette for at barna tilpassa alder og føresetnader, får ta del i planlegging og vurdering av verksemda i barnehagen. Dette gjer vi gjennom aktiv medverknad gjennom samtale, og gjennom observasjonar gjort av personalet. Foreldra har moglegheit til medverknad gjennom kontinuerlege samtalar og foreldremøte kvar haust og vår.

PLANLEGGING OG DOKUMENTASJON

Barnehagen sine planar kjem fram ved hjelp av pedagogisk årskalender som ein finn i årsplanen. Vi har også ein handlingsplan for barnehagen som går djupare inn i temane vi jobbar etter kvar månad. I tillegg har kvar avdeling sin månadsplan. Evaluering blir gjort fortløpande.

Vi jobbar og etter ein tiltaksplan for kvalitetsarbeid som vi evaluera og reviderer kvart år.

Avdelingane vurderer opplegg og seg sjølv på kvart avdelingsmøte. Det kjem som regel ei oppsummering frå månaden som er gått på neste månadsbrev.

Elles nyttar vi ein del bilde dokumentasjon. Vi tek bilde av aktivitetar og situasjonar og heng det opp i barnehagen eller set inn i permanente til barna. Vi sende også ein del bilde på sms til foreldra. Alt barna produserer og reproduserer (song, drama, rim, reglar osv.) er dokumentasjon på det vi jobbar med i barnehagen.

Vi har og ei bok der vi skriv ned erfaringar ved ulike arrangement i barnehagen. To gangar i året har vi foreldresamtalar der vi tek utgangspunkt i «Alle med-skjema» som blir oppdatert fortløpande.

Det er lagt til rette for to foreldremøte i året. Her kan foreldre komme med forslag til innhald i barnehagen og dei kan vere med å evaluere opplegg som har vore gjennomført.

TILVENNING I BARNEHAGEN

Barnehagen sender ut brev til alle nye barn, med informasjon om barnehagen. Vi kallar også inn til oppstartsamtale, helst før barnet begynne. Det ligg eit hefte med informasjon til nye foreldre på heimesida vår, eivindvik barnehage og skule.

GODE RÅD FOR TILVENNING:

Kom gjerne på besøk før oppstarten, stikk innom når de er i området, eller ta turen innom om ettermiddagar/helger og leik på uteområdet. På denne måten blir ikkje alt nytt på ein gong når barnet skal starte.

- Kor lang tid det tek å tilvenne eit barn i barnehagen, er veldig individuelt. Det viktigaste er å starte roleg med eit par timer ilag med mor/far, og så auke gradvis alt etter korleis det går og kva tid Dykk foreldre har. Dette kan me snakke om på oppstartsamtales og undervegs i tilvenninga.
- Sei alltid «ha det» til barnet før de går, slik at han/ho er klar over at de no blir vekke. Barnet vil kanskje grine når de går, men det er betre enn at han/ho går og leitar og ikkje finn dykk. Vanlegvis vil barna slutte å grine etter ei lita stund, viss de er usikre på korleis det går med barnet, er det berre å ringe oss eller me ringer deke/sendes sms. Viktig med god kommunikasjon i oppstarten.
- Det kan vere lurt å ha med seg ein personleg ting i starten, td ein bamse/koseklut/smokk eller liknande. Den kan vere god å ha når mor/far skal gå. Også si eiga vogn, viss det er mogeleg, kanskje litt tryggare å sove i den i starten. Den har det same kjente mønsteret og luktene.
- Fast rutine på levering om morgonen etter dei har starta, kan vere trygt og godt for dei minste borna, dvs at me gjer det same kvar morgon. Td. Mor/far kler av og evt følgjer dei inn på avdelinga og blir litt eller seier «ha det» i garderoben, alt etter kor god tid dykk foreldre har.

ME YNSKJER DYKK HJARTELEG VELKOMMEN, OG GLEDAR OSS TIL STARTEN



Overgangen frå småbarnsavdeling til mellom og stor avdeling

Samarbeidet mellom avdelingane er godt og vi har fellesaktivitetar utover heile året. Eit av måla med fellesaktivitetane er at barn og vaksne på tvers av avdelingane skal bli kjende med kvarandre og knyte kontaktar. I ute tida er ofte avdelingane i lag og leikar.

Overgangen barnehage-skule-sfo

6 års gruppa: Denne gruppa skal styrke samhaldet mellom 6-åringane. Eit eige tilbod med spennande aktivitetar tilrettelagt for sin alder. Vi har laga oss ein førsskuleplan over temaer som denne gruppa er innom. Den ligg på heimesida vår.

I løpet av barnehageåret skal dei vere i lag med første klasse 4-5 gongar for å bli betre kjende med skulen. Målet er at barnehageborna skal bli kjende med korleis ein arbeidar på skulen og knyte kontaktar med dei eldre borna. Førskuleforeldra får utdelt ei slik liste med datoar i løpet av hausten. Elles skal denne gruppa vere med 5 klasse å lage til kantine på skulen ilag med fadrane sine. Fadrane kjem også ein gong i veka og les/spelar spel med førskulegruppa. Dei har også ein overnattingsdag i barnehagen til våren. Den er som regel høgdepunktet for dei fleste. Pga. at barnehagen ligg rett ved sida av skulen, har vi høve til å gjere oss kjende med skulelokala, noko som og er med på å lette overgangen til skulen.

Både kommunen, barnehagen og skulen har ei viktig oppgåve med å legge til rette for ein god overgang frå barnehage til skulen. Å oppleve samanheng mellom barnehage og skule, og være trygge i overgangsfasen gir eit godt grunnlag for vidare læring.



LITT OM EIVINDVIK BARNEHAGE

Opningstider: heilårsope, måndag – fredag 07.30 til 16.30

Borna skal vere komne i bhg til kl. 09.30.

Vert de seinare enn dette, eller de skal ha fri, er det fint om vi får beskjed.

Borna må i løpet av bhg året **ha 4 veker ferie, 3 av dei samanhengande innafor skulen sin sommarferie.**

Barnehagen er delt inn i småbarnsavdeling (Marihøna), mellom avdeling (Krabbe Krølle) og stor avdeling (Revehiet).

BARNEGRUPPA ER FORDELT SLIK:

Marihøna:

Mariette, Sofia, Jakop, Hanin, Abigail, Emil, Anna, Samuel, Ellinor, Elling (byrjar etter jul)

Krabbe Krølle:

Oskar, Teodor, Michael, Sander, Ingrid, Oskar, Hanna og Hristina

Revehiet:

Noah, Kristoffer, Nikolai, Celine, Anna Maria, Aurelia, August, Jonas, Viljar, Sebastian, Ole Elias og Sivert

DAGSRYTME:

07:30	Barnehagen opnar
7:30 til 09:00	Frukost/frileik
09:30	Ryddetid
Ca. 09.40	Samlingsstund/Bravo
Ca. 10.00	Dagens aktivitet
Ca. 10.30	Leik inne/ute
11.00 til 12.00	Mat
12:15	Roleg time/soving for dei minste/frileik
14:30	Frukt
14:45 til 16:30	Frileik ute/inne
16:30	Barnehagen stengjer

Måltid

Skal borna ete frukost i bhg, må dei ha med mat.

Me har frukost frå 7.30-9.00. Kjem barna seinare enn 9.00 må dei ete frukost før dei kjem.

Utanom frukosten får borna to måltid. **Hovudmåltidet er ca kl 11.30. Dei minste et stort sett kl. 11.00.** Då dekkar me bordet og borna smør mat til seg sjølv, med hjelp/tilrettelegging.

Ca kl 14.30 har me eit lite måltid, der borna får tilbod om ei skive, knekkebrød eller frukt. Bhg har mjølk til frukost og hovud måltidet. Utanom det, drikk borna vatn.

FORELDREMØTER

Det er to foreldremøte i løpet av barnehageåret. Eit på hausten og eit om våren.

Innkalling med sakliste skal komme i god tid, slik at de set av kvelden. Kom gjerne med innspel til barnehagen gjennom heile året.

FORELDREREPRESANTAR

Desse er med i FAU:

2015: Daniel Kvernøy, mobilnr. 91120932, e-post: daniel.kvernoy@gmail.com

Vara: Malin Rambjørg, mobilnr: 47666372, e-post: malin.rambjorg@gmail.com

2016: Zelibor Duranovic, mobilnr: 41488833, e-post: zelibor.dimitrios@gmail.com

Vara: Anna Wosik-Ludzik, mobilnr: 46213963, e-post: anna.ludzik10@gmail.com

2017: Brita Eidsnes, mobilnr: 90149284, e-post: 90149284

Vara: Linda Skauge, mobilnr: 90962099, e-post: linda_marias@hotmail.com

2018: Suzanne Bauge, mobilnr: 91249984, e-post: suzannebauge@hotmail.com

Vara: Una Prestegaard, mobilnr: 91741914, e-post: unaprestegaard@gmail.com

2019: Mariann Opdal, mobilnr: 95022113, e-post: mariann18_opdal@hotmail.com

Vara: Kenneth Kidøy, mobilnr: 91184111, e-post: kenneth.kidoy@gmail.com

Desse er med i SU:

Daniel Kvernøy og vara Mariann Opdal

FORELDRESAMTALAR

Foreldresamtalar har vi to gonger i året. Ein før jul og ein før sommaren. Vi snakkar om utvikling, observasjonar, trivsel og lignande. Vi brukar eit observasjonsskjema som heiter «alle med». Tidspunkt for samtalen avtalar vi med dykk når det nærmar seg.

PLANLEGGINGSDAGAR

Barnehagen har 5 planleggingsdagar fordelt utover året. Dette er dagar personalet nyttar til kurs, planlegging og anna personalarbeid. Barnehagen er då stengt for borna. Oversikt over planleggingsdagane finn de på heimesida til barnehagen/skulen.

SOVE/KVILE RUTINAR

Når born begynner i barnehagen, avtalar vi med foreldre korleis det enkelte barn skal ha det når det gjeld soving/kviling. Vi avtalar om barnet skal sove i seng eller vogn, inne eller ute. Vi avtalar og kor lenge barnet skal sove. Dette forandrar vi i samarbeid med foreldre etter kvart som barna vert større og rutinane endrar seg. Kvart barn har sin faste soveplass/vogn, med fast dyne/teppe. Det er ynskjeleg at foreldra tek med vogn som barnet kan sove i.

BLEIESKIFT

Foreldre tek med bleier til bhg og vi merker pakken med namn.

Til såre «stumpar» har vi Bepanthen salve i bhg, men ynskjer de ei spesiell salve til barnet dykkar, tek de med den.

BURSDAGSFEIRING I BARNEHAGEN

Denne dagen prøver vi å gjere litt spesiell for barnet. Vi heng ut flagg, pyntar gjerne avdelinga litt, og lagar til ein koseleg lunsj til barnet. Det er bursdagsbarnet som bestemmer kva vi skal ha til «enkel» middagsmat. Vi brukar ikkje godteri, kake eller brus. Revehiet og Krabbe Krølle lagar bok med teikningar og de får heim eit bilde av barnet dekar, der barna har sagt noko om kva bursdagsbarnet er flink til. Bursdags barnet får også velgje seg eit eventyr, som den har lyst til å høyre. På liten får de eit bilde av barnet dekar. Vi syng sjølvsagt til bursdags barnet.

SJUKDOM

Dersom barna har feber eller dårleg allmenntilstand, skal barna ikkje vere i barnehagen. Barna kan heller ikkje komme i barnehagen dersom dei ikkje kan vere ute. Dersom vi oppdagar sjukdom hos barn i løpet av barnehagedagen, tek vi kontakt med føresette og barna må bli henta så snart som mogleg. Ved oppkast/diare gjeld 48-timars regelen.

Ta kontakt med oss dersom de lurer på noko/vil drøfte noko.

Ann-Norunn er stort sett på kontoret kvar dag, så då er det god anledning til å prate litt, men de må gjerne ta kontakt utanom den tida og.

Einar Thune, einingsleiar 91727174

Ann-Norunn Leknes, nestleiar 94809967

Barnehagen 94506785

Heimeside: eivindvik.skule.no

DETTE MÅ BARNET DITT HA MED I BARNEHAGEN:

- **Vogn (dersom barnet søv i vogn i barnehagen)**
- **Bleier (ikkje up&og)**
- **Ute dress tilpassa årstida**
- **Regnklede og støvlar (skal alltid vere i barnehagen)**
- **Varme, vann tette sko når det er kaldt**
- **Flecegenser og flecebukse eller ullgenser og ullbukse til å ha under regnklede/dress (skal alltid vere i barnehagen)**
- **Buff eller hals**
- **Hue**
- **2 par vottar (den kalde årstida)**
- **Innesko**
- **2 par ullsokkar (på den kalde årstida)**
- **2 strømpebukser/stillongs (gjerne ull)**
- **2 truser**
- **2 bodyar (gjerne ull)**
- **1 innegensar**
- **1 bukse**
- **Solkrem**

NB! SJEKK STRIKK UNDER SKOENE PÅ REGNKLEDE OG VINTERDRESSAR REGELMESSIG. NÅR DET KJEM VÅTE KLEDE HEIM, MÅ DESSE ERSTATTAST MED TØRRE KLEDE NESTE DAG. ALLE KLEDE SKAL MERKAST.